



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Tilbakemelding etter kommunemøte med Sogndal kommune 2024

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Sogndal kommune i kommunehuset i Sogndal 6. mars 2024. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale temaa som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følge opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For kommunen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver- og roller til kommunen:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvaltning
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med Sogndal har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling.

Sogndal er ein vekstkommune med god samfunnsutvikling og auke i folketalet. Men som for andre vekstkommunar, følger vekst med aukande levekårsutfordringar. Kommunen brukar Tillitsreforma til utvikling av organisasjonen og forbetring av tenestene med mål om å vere budd på ei framtid med endra rammevilkår. Tillitsreforma er eit samarbeidsprosjekt saman med Kommunal- og distriktsdepartementet, KS, statlege forvaltningsorgan og andre kommunar.



Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Dialogtemaa var knytte til omsorgstenester med kompetanseplanlegging forankra i samfunnsplanarbeidet for å sikre nødvendig og relevant kompetanse i kommunehelsetenesta, førebyggjande helsearbeid for prioriterte grupper som barn og unge, integrering, barnevern med tverrfagleg samarbeid med førebygging og tidleg hjelp, kvalitet i barnehagane og plikter som barnehagemyndigheit og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne.

Sogndal har mange godt kvalifiserte medarbeidarar og prioriterer kompetanseheving, men møter nasjonale trendar som utfordringar med å rekruttere til enkelte stillingar, som at det er færre som søker utdanningar til barnehage og pleie- og omsorg (sjukepleiarar). Kommunen har gode ordningar med etter- og vidareutdanning, og er i starten av å utarbeide ein kompetanseplan (oppvekst og helse). Kommunen meiner at ordningar som Statsforvaltaren gir tilskot til for kompetanseheving (nasjonale verkemidla) innan oppvekst og helse, har ein annan innretning enn det kommunen har behov for. Dette gjer det difor vanskeleg for kommunen å samordne sine behov for kompetanse med dei nasjonale verkemidla, og må i større grad sjølv utvikle kompetansetiltak (etter- og vidareutdanningar). Dette fører òg til at kommunen har færre søknader på statlege ordningar om tilskot til kompetanseheving.

Statsforvaltaren vil sjå på om statlege tilbod om kompetanseheving kan gjerast meir tilpassa til kommunanes behov, og at ordningane blir meir langsiktige (4-årige perspektiv). Både kommunen og Statsforvaltaren må samarbeide med Vestland fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet for å samordne og legge til rette (prioritere) utdanningar som er tilpassa behovet for kompetanse til kommunane. Dette gjeld også for desentraliserte utdanningar.

Sogndal er ein kommune med vekst, dette medfører også ein auke i levekårsutfordringar, som aukande behov for tenester og hjelp innan psykiatri, rus og ein uro for ein veksande ungdomskriminalitet. Dette krev spesialistkompetanse og god samordning med spesialisthelsetenesta, som kan vere ei utfordring for kommunen.

Sogndal ser på innvandrarak som ein stor arbeidsressurs, men det er ei utfordring at statlege regelverk kan gjere det vanskeleg for innvandrarak og kome i arbeid, t.d. problem med å få godkjent utanlandske utdanningar. Når det gjeld busetjing av ukrainske flyktningar, er hovudpolitikken at desse skal til heimlandet att, og med mangel på bustader kan dette bli ei utfordring på kor mange bustader kommunen skal skaffe (kjøpe) for dekkje behovet for busetjing på sikt? Fleire av flyktningane bur i leigebustader, har vanskar med å få seg jobb og kjem seg difor ikkje inn på bustadmarknaden. Startlån frå Husbanken formidla gjennom kommunen, kan vere ei mogeleg finansiering, men kommunen vurderer at dette er å ta på seg ein betydeleg økonomisk risiko. Kommunen tek i mot kvoteflyktningar, og desse skal òg ha det same tilbodet om arbeid og bustader som dei som kjem frå Ukraina. Kommunen skal bli betre på samordning av tenester og busetjing av flyktningar, og har sett i gang eit større tverrfagleg arbeid for at flyktningane skal møte ein kommune med samordna tenester og eit betre tilbod om språkopplæring. Det bustadsosiale arbeidet er organisert gjennom eit bustadkontor. Kommunen vurderer nærmare om det er ei hensiktsmessig organisering av tenesta.

Kommunen legg vekt på å kome i tidleg kontakt og nå ut med informasjon til innbyggjarane om korleis ein kan planlegge og førebu seg på å bli eldre. Særleg gjeld dette å leggje til rette for hensiktsmessige buformer, enten dette skjer ved tilrettelegging for at dei eldre kan bu lengre heime, buformer gjennom offentlege tilbod eller i privat regi.



Sogn barnevern er vertskommunesamarbeidet mellom Sogndal og Luster. Kommunen er i ein fase der det er starta opp eit forprosjekt om samarbeid med dei andre kommunane i indre Sogn (Aurland, Lærdal, Årdal, Vik).

Kommunen arbeider systematisk med å styrke innsatsen på førebyggjande arbeid, men må ytterlegare styrke det tverrfaglege arbeidet for å byggje tenestene og kompetansen rundt innbyggjarane sine behov. Det opptek også kommunen korleis staten møter kommunane på det tverrfaglege og det førebyggjande arbeidet.

Styring og forvaltning

Sogndal planlegg og styrer etter finansielle måltal med handlingsreglar, slik at måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet. Kommunen er i vekst, og med det følgjer store investeringar innan lovpålagte tenester, som gjer det er særleg utfordrande å oppnå måltalet for langsiktig gjeld. Det er òg behov for større investeringar med lånefinansiering innan sjølvkostområda (VA-anlegg). Slike låneopptak må kommunen vurdere opp mot netto renteesponering (kva grad kapitalutgifter belastar drifta). Gjennom arbeidet med budsjett- og økonomistyring legg kommunen vekt på tverrfagleg forankring, heilskapen og framtidsperspektivet (langsiktig forvaltning). Tilsyn- og forvaltningsrapportar blir brukt i lærings- og utviklingsarbeid knytt til planlegging og styring av økonomien.

Kommunen nyttar Kostra-tal som kunnskapsgrunnlag og analyse i planlegging og styring. Gjennom dokumentasjon i Kostra-tal har kommunen høge utgifter til helse- og omsorgstenester, og planlegg innsparingstiltak, samtidig som kommunen må planlegge for korleis dei løyser utfordringane knytt til at det blir fleire eldre som treng slike tenester.

Teljedatoen 1. juli for folketalet som grunnlag for rammetilskotet i påfølgjande statsbudsjett, slår negativt ut for Sogndal, ettersom det er studentar som melder flytting etter avslutta studiar i mai/juni, og nye studentar først melder flytting til Sogndal etter 1. juli.

Kommunens rolle som samfunnsutviklar

Sogndal er inne i sluttfasen for handsaming av ny arealdel, og er i dialog med Statsforvaltaren fram til at kommunestyret vedtek planen. Kommunen er oppteken av korleis ein skal få til godt samsvar mellom nasjonal og lokal arealpolitikk (føringar) som har konsekvensar for arealplanlegginga. Kommunen reiser spørsmål om enkelte delar av ein arealplan kan rullerast oftare enn heile arealdelen til kommuneplanen. Med knappheit på areal til utbygging, bør kommunen utarbeide/kartlegge eit arealrekneskap med oversikt over ulike typar areal. Fylkeskommunen er ein god samarbeidspart i dette arbeidet.

Sogndal jobbar godt med klima- og miljøområdet, og søker om midlar til klimaprojekt (som EU-prosjektet *Kaupanger sirkulær biohub*). Kommunen har ein tilsynsfunksjon på området, som at klima og miljø kjem til uttrykk og teke omsyn til i arealdelen. Statsforvaltaren har oppgåve med å rettleie m.o.t nye krav på miljø- og klimaområdet, som kartlegging av viktige deler av naturmangfaldet, der kommunen har laga ein enkel temaplan. Kommunen har utfordringar med å oppfylle miljøkrava for mindre avløpsanlegg og bør lage ein plan der også områda Leikanger og Balestrand er med. Det er avrenning frå spreidd avløp og landbruk, som er hovudårsaka til at miljømåla i vassforskrifta ikkje blir nådd på kommunens myndigheitsområde.



I det tverrfaglege og førebyggjande arbeidet med folkehelse i plan er barn og unge ei viktig innbyggjargruppe, og det blir arbeidt tverrfagleg mellom tenesteområda (oppvekst – helse – sosial). Kommunen registrerer at som for nasjonal utvikling, kjem fleire barn under fattigdomsgrensa. Sogndal har mykje samarbeid med Luster kommune innan folkehelse, som t.d. livsmeistringsprosjektet for ungdom. [Folkehelseoversikt Sogndal 2022](#) er tilgjengeleg på kommunens heimeside.

Open post – Tillitsreforma

Sogndal kommune er med i det nasjonale prosjektet for [Tillitsreforma](#), og har jobba aktivt med dette sidan lanseringa i desember 2022. Hovudtyngda av aktiviteten har vore knytt til forbetring av tenestene, med mål om å vere budd på ei framtid med endra rammevilkår. Kommunen har arbeidt tett saman med KDD og KS for å avklare og forme rammene for det praktiske innhaldet i reforma. Det har gjeve mogelegheiter til å dele erfaringar med andre kommunar, statleg forvaltningsorgan og Statsforvaltaren i Trøndelag. Sogndal ønskjer å løfte arbeidet med tillitsreforma i dialog med Statsforvaltaren, for drøfte mogelegheita til å gjer noko i lag. Det har t.d. vore ei felles arbeidsøkt mellom Sogndal og representantar frå Statsforvaltaren for undersøkje mogelegheita i endå betre samhandling og dialog mellom kommune og stat i arealplanarbeidet.

Oppfølging

Som for mange andre kommunar, har Sogndal oppgåver som utfordrar organisasjonen på tilstrekkeleg kapasitet og rekruttering av relevant kompetanse. Særleg gjeld dette sett i samheng med demografiske endringar med eit auka behov for helse- og omsorgstenester, men også for barn og unge med veksande utfordringar innan rus, helse og psykiatri.

Om kommunen ønskjer det, kan Statsforvaltaren følgje opp og bidra med kommunikasjon og rettleiing innan ønskete område. Vi noterte oss spesielt rettleiing og kontakt i arbeidet om utfordringar innan rus, helse og psykiatri, oppvekst, integrering og det bustadsosiale arbeidet. Etter kommunebesøket er det oppretta kontakt mellom Statsforvaltaren og kommunen for desse områda.

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Sogndal fokusområde etter statlege forventningar og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda og andre sentrale tema fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil legge særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Sogndal kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet til Sogndal](#) er lagt ut på vår heimeside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent